

I kø for å koma til kai på Børneset i dag.

12.01.2018



Det var kø for å koma til kai på Børneskaien i dag.

Det var stor aktivitet på Børneskaien i dag. MS HEIDI last tømmer. Flytekranen EIDELIFT 6 måtte forhala og la seg til i Storsund i påvente om å få koma til kai i ettermiddag. Flytekranen med slepebåt kom til Børnes frå indre Kvinnherad i natt i 03 tida. Uskedalen.no kjenner ikkje kva oppdrag Eideliften har i Uskedalen, men kaien vert ofte brukt i den tida kranskip gjer større løft for skipsindustrien.

EIDELIFT 6 er ein såkalla flytekran som vert slept frå plass til plass. Flytekranen, bygd i 1978, er om lag 60 meter lang.




MS HEIDI lastar tømmer for avgang til Danmark i kveld.

MS HEIDI høyrer til rederiet Mikal Myklebusthaug. Fartyet er 5600 DWT, 104 meter langt og er bygd i 1979 i Hamburg. Vi har før skrive om MS INGILD med Vidar Koløy frå Uskedalen som kaptein. Begge fartya har same eigar og er bygd på det same verftet i Hamburg, år etter år. Både MS HEIDI og MS INGILD går i trelastfarten på Norskekysten, Danmark, Tyskland og Polen. Når MS HEIDI er ferdiglasta i Uskedalen i kveld, går turen til Danmark, så langt vi kjenner til.

I eiga sak vil Uskedalen.no skriva om det store arbeidet som er gjort på Børnes industriområde, tilrettelegging og klargjering for ny etablering.

Tekst/nett Kristian Bringedal

Foto: Øystein Ænes/Kristian Bringedal



EIDELIFT 6 ligg og ventar på kaiplass i kveld.